



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Anniken Friis, 5557 2313

Merknad til søknad om å byggje Smådalselva kraftverk - Samnanger

Statsforvaltaren ber NVE vurdere søknaden ut frå samla belastning på vassdragsnaturen i regionen. NVE bør pålegge utbyggjar å vurdere samla behov for vegar og riggområde for å redusere arealinngrepa.

Statsforvaltaren viser til konsesjonssøknad om å byggje Smådalselva kraftverk sør for Tysse i Samnanger.

Det var gitt konsesjon til dette kraftverket i 2007, men utbygginga vart ikkje realisert på grunn av manglande nett. Fylkesmannen i Hordaland hadde då merknader knytt til fisk, minstevassføring og forbisleppingsventil.

I ny søknad er det lagt opp til auka slukeevne i kraftverket, og noko større minstevassføring. Inntaket til kraftstasjonen er flytta litt mot søraust. Etter det vi forstår er søknaden elles lik den som var ved høyring i 2006.

Hovudpunkt frå søknaden

Smådalselva kraftverk er eit elvekraftverk utan regulering. Ein skal nytte fallet i elva frå kote 365 til kote 45. Inntaksdammen blir 10 m lang, med høgde på 3-4 m. Vassvegen blir 1440 m, og skal gå på vestsida av elva som nedgrave røyrgate. Ein reknar med at røyrgata må sprengast i fjell i deler av traseen.

Installert effekt i kraftverket blir 35 MW, årleg middelsproduksjon er estimert til om lag 9,0 GWh. Slepp av minstevassføring ved inntaket vil vere lik 5-persentil, 36 l/s om sommaren og 18 l/s om vinteren. Dette er ei auke frå konsesjonsgitt minstevassføring. Slukeevna er planlagt å vere 2,5 gonger middelvassføringa .

Det må byggjast ny permanent veg fram til kraftstasjonen, som ligg nær elva og bilveg. Vatnet skal førast ut att i vassdraget nedanfor stasjonen ved å sprengje ned ein 5 m lang kanal.



Det skal byggjast anleggsveg 360 m til inntaket, frå eksisterande skogsveg i området. I tillegg vil ein byggje anleggsveg om lag 410 m fram til røyrgatetraseen på kote 200. Desse vegane skal byggjast i «enkel standard» med 5 m breidde. Når det gjeld tilbakeføring av vegane står følgjande i konsesjonssøknaden: «Etter at tiltaket er bygd, vil terrenget i en noe bredere sone bli tilbakeført til før bygging ved bruk av stedlige masse».

I følge søknaden vil kraftstasjonen og nedre del av traseen bli synlege frå bygda. Dei viser til at anleggsvegar og røyrrase vil bli synlege i ein «overgangsperiode».

Samla sett skal det vere massebalanse i prosjektet. Vedlegg 7 viser arealbruk knytt til utbygginga. Her går det fram at det blir i alt fire riggområde/område for biloppstilling. Med unntak av området på 200-300 m² ved kraftstasjonen er desse ikkje omtala i teksten. Men tabell 7 viser at samla mellombels riggområde vil utgjere 1,7 daa. Samla vegareal utgjir 7,7 daa, av desse vil 3,9 daa vere permanent.

Oppstraums det planlagde kraftverket ligg eit lukehus med vassinntak for fem husstandar. Ei mindre kraftline kryssar vassdraget. Vandringshinderet for anadrom fisk ligg om lag 100 m frå utløpet i Samnangerfjorden.

Konsekvensar av utbygginga

Smådalselva ligg inst i Samnangerfjorden. Det er tidlegare bygd ut, og gitt konsesjon til mange kraftverk langs fjorden og i dalføra innanfor.

Naturmangfaldet i området vart først undersøkt i 2005. Det vart gjennomført ei bekkekløftundersøking i området i 2009. I samband med ny konsesjonssøknad er det utarbeidd supplerande rapport om naturmangfald i 2020. Denne er basert på metode skildra i NVE si rettleiar 6-2018 (krav til undersøkingar og omtale av naturmangfaldet), og konsekvensvifta i Handbok V712 frå Statens Vegvesen.

Det er registrert bekkekløft og bergvegg med middels verdi, og ein raudlisteart, alm. I tillegg finn ein naturtypen elvelaup, som er raudlista og nær truga (NT).

Konsulenten har plassert konsekvensar av utbygginga til *noe miljøskade (-)* for både bekkekløft, raudlista naturtype elvelaup, og artar.

Om samla belastning står det i søknaden at planlagt bygging vil auke samla belastning på naturtypen elvelaup, vurdert ut frå at mange vassdrag i fjordregionen i er utbygd frå før. Tiltaket er likevel vurdert å vere *moderat*.

Konsulenten omtaler samla belastning på naturmangfaldet som *moderat*. Ein viser til aktuelle avbøtande tiltak, både i samband med anleggsverksemda og driftsfasen.

Konsulenten vurderer verdigrunlaget for konsekvensutgreiinga som godt. I følge konsulenten er det lite usikkerheit knytt til vurderingar av grad av påverknad og konsekvens for tema som viktige naturtypar og artar.

Skogsvegen blir brukt av lokalbefolkninga til tradisjonelt friluftsliv. Røyrgata vil krysse ein sti. Inngrepspunkta vil ligge relativt skjult i forhold til vanleg nytta ferdselsvegar.



Merknader frå Statsforvaltaren

Utbygginga vil påverke eit lite kystvassdrag. Isolert sett kan ein vurdere inngrepet som avgrensa når det gjeld påverknad på landskap i fjorden og områda kring. Sett i lys av det store talet på småkraftverk i fylket og kring og langs Samnangerfjorden, meiner vi det likevel er viktig å vurdere omsynet til samla belastning på vassdragsnaturen i regionen.

Etter vår vurdering vil røyrgate og andre inngrep som følgje av utbygginga påverke landskapsrommet i lang tid. Statsforvaltaren vil minne om at ein bør minimere arealinngrepa i størst mogleg grad, jf. naturmangfaldlova § 12. Ut får dette meiner vi søkjar må grunngi behovet for i alt 4 riggplassar og spesielt vurdere behovet for anleggsvegen på kote 200 m.

Dersom det viser seg nødvendig med alle planlagde vegar og riggområde, må kravet til arrondering og istandsetting av landskapet utformast som eit tydeleg vilkår, med utfyllande omtale i MTA-planen.

Konsulenten peiker på at anleggsvegen til inntak som ligg sør for kraftlina bør flyttast for å unngå inngrep i grov dimensjonert furubestand. Statsforvaltaren legg til grunn at dette vert vurdert og følgt opp.

Planlagt slukeevne er 2,5 gonger middelvassføringa . Dette er eit relativt høgt vassuttak, og ligg i øvre sjikt av prosjekt som har fått konsesjon dei seinare åra. Statsforvaltaren ber NVE vurdere rett nivå ut frå verdiar i vassdraget. Vi legg til grunn at vilkår/føresetnader for å avbøte skade på naturmiljøet blir innarbeidd i ein eventuell ny konsesjon.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonssjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

SAMNANGER KOMMUNE

FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND

Postboks 7900 5020 BERGEN

Tyssevegen 217 5650 TYSSE

Tverrgaten 4 5017 BERGEN